

10.09.2

NVE
Pb 5091 Majorstuen
0301 Oslo

uttalelse@nve.no

Ny flomavledning Dam Valdalen
Detaljplan for miljø og landskap
Høyningsuttale saksnr. 202412819

Underteikna er grunneigar på austsida av Valdalsmagasinet/dammen – gnr. 20 bnr.1.
Vårt arkitektkontor har utarbeidd plan for hytteområde Øvlandsstølen (plan ID 12282011001)

Har følgjande kommentarer:

Nytt overløp – kapasitet?

Det blir vist til at nytt overløp må kunna ta i mot vesentleg større vassmengder enn tidlegare.
Kva konsekvens har det for slukeevne på tunell under E134 ved det gamle ysteriet,
og kapasitet/manøvrerbarhet på overløp i Røldalsvatnet/ Botnen?
Kfr. bilder frå flaum 14.10.18.

Utforming av lukehus, kfr. fig.3-8.

Det blir argumentert med slektskap til lukehus på austsida av dammen.
Nytt lukehus har ein heilt ulik situasjon i forhold til landskap og terren, argumentasjonen for
utforming virkar litt spekulativ. Utbyggjar burde ta kontakt med Geir Grung si dotter – Tai Grung – for
å drøfta kva som kan vera eit relevant slektskap.
(Statnett har med sitt bygg gjort ein stor brølar i høve til Geir Grung sitt portalbygg i Røldal, kfr. foto)

Parkeringsplasser

Det blir vist til at parkeringsplassene P2 og P3 skal fungera som erstatning for parkeringsarealet R3A. Parkeringsplassene P2 og P3 er planlagt til hytteområdet internt, desse har minimumsmål for personbilar, og er ikkje tilrettelagt for bruk av tilhenger eller større kjøretøy. (Eg har sjølv planlagt desse plassene). Ein stor del av brukarane kjører med store bilar og tilhengerar med skuter, og delvis trakkemaskiner. Det ser ut til at parkeringsspørsmålet er litt mangelfullt utgreidd.

Vegkryss vest for Einungsstølsåna – fig 3-14

Dette er eit såkalt «tyggegummikryss», som berre er blitt slik. Det står i sakspapirene at «kryss må utbedres», men det går ikkje fram korleis, og av kven.
Her må vegen leggjast ganske mykje ut, og få ein flatare og rettvinkla påkjørsel.
Dette vil krevja areal på austsida, og bør baserast på ein godkjent reguleringsplan.
Er det ein mulighet å vurdera at ein del overskotsmassar kan nyttast til dette, evt. med ei større utfylling for ein romslig parkeringsplass.

Tilkomst til eigedom 20/1 og andre, via Valdalsdammen

Går ut frå at det kan ordnast tilkomst for transport av, og tilsyn med sauherd i beite, og elles normal ferdsel på austsida av magasinet.

Med helsing

Sondof Rabbe

Sondof Rabbe

Kopi til Ullensvang kommune – postmottak@ullensvang.kommune



Storelva ovanfor tunell under E134 – 14.10.18



Innløp tunell under E134 – 14.10.18



Røldal kraftstasjon: Til venstre ser ein det nye kontrollhuset. Foto: Sondre Rabbe/Privat